



Innkalling til Kommunestyret

Møtedato: 15.06.2016
Møtestad: Klubbhuset til Nordre Holsnøy Idrettslag i Leirdalen
Møtetid: 17.00

Medlemmene i kommunestyret vert med dette kalla inn til møtet. Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå så snart råd er på forfallskjema på kommunen si heimeside, slik at varamedlem vert innkalla.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på dokumentsenteret. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utlevert i møtet. Dersom medlemmene på førehand ynskjer å gjera seg kjend med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengeleg på dokumentsenteret.

Kommunestyret startar med spørjetime.

Personal og organisasjonssjef Kari Anne Iversen vil orientere om beredskap.

Sakliste

Saknr	Tittel
48/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
49/2016	Godkjenning av møtebok
50/2016	Referatsaker
51/2016	Orientering om status kommunestruktur
52/2016	Budsjettendring, auka kostnader ved omlegging av leidningsnett på Moldekleiv
53/2016	Søknad om tilskot til sikring av fjellskrent
54/2016	Investeringsmidlar kommunale bustader 2016
55/2016	Barnehageplan (kvalitetsdel) 2016-2020
56/2016	Meland kommune - Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2019
57/2016	Høyringsuttale til Hordaland fylkeskommune sin skulebruksplan 2016
58/2016	Søknad om fritak frå politiske verv
59/2016	Val av meddommarar til tingretten 01.01.17 - 31.12.2020
60/2016	Val av lagrettemedlemmer og meddommarar for perioden 01.01.17 - 31.12.20
61/2016	Val av jordskiftedommarar til jordskifteretten 2017-2020
62/2016	Val av skjønnsmedlemmer 2017 - 2020
63/2016	Val av forliksrådsmedlemmer 2017 - 2020

20. juni 2016

Øyvind Oddekalv
ordførar

Randi Helene Hilland
konsulent

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		16/1365

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
48/2016	Kommunestyret	PS	15.06.2016

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		16/1365

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
49/2016	Kommunestyret	PS	15.06.2016

Godkjenning av møtebok frå møte 11.05.16

Framlegg til vedtak:

Møtebok frå møte 11.05.16 vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		16/1365

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
50/2016	Kommunestyret	PS	15.06.2016

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
50/2016.1	IUA - Protokoll fra årsmøte 27. april 2016
50/2016.2	Årsmelding 2015 Nordhordland kursregion
50/2016.3	Signert avtale

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Igvild Hjelmtveit		16/1365

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
51/2016	Kommunestyret	PS	15.06.2016

Orientering om status kommunestruktur

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FA - M30, FA - M20, FE - 153	16/525

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
50/2016	Formannskapet	PS	18.05.2016
52/2016	Kommunestyret	PS	15.06.2016

Budsjettendring, auka kostnader ved omlegging av leidningsnett på Moldekleiv

Vedlegg:

Budsjettendring, omlegging vatn- og avlaupsleidningar Moldekleiv
Moldekleiv bilde med markering
Kart

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret godkjente ei auka investeringsramme på kr 300 000 for omlegging av vatn- og avlaupsleidningane i møte 16.03.2016.

Kostnadsoverslaget var basert på dei problemstillingane som var avdekkja då den akutte situasjonen oppstod, og kva kostnader ein normalt kan rekna med ved slike arbeid.

Etter kvart som arbeidet har gått framover er det oppdaga fleire større feil og skader når det gjeld fall, kryssingar, påkoplingar og tilhøva i kummar. Desse feila har det vore nødvendig å rette opp utan avbrot i framdrifta. Det er også kjørt kamerainspeksjon for å sikre at alt nødvendig arbeid er teke med i denne omgangen. Kostnadene har dermed auka med om lag kr 180 000.

Vurdering

Administrasjonen ser ikkje at desse arbeida kan unnlatast. Det vil sannsynlegvis dukke opp tilsvarande problemstillingar knytt til fleire av dei eldste leidningsanlegga i kommunen, som det også gjorde i Markavegen på Frekhaug. Det aller eldste anlegget i kommunen, i Grønlandsfeltet på Frekhaug, er under planlagt utskifting og oppgradering. På eit seinare tidspunkt må ein vurdere ei systematisk kartlegging og oppgradering generelt i kommunen.

Folkehelse: Ikkje aktuelt i denne saka, men tiltaket førebyggjer mogeleg ureining av drikkevannet lokalt.

Miljø: Ikkje aktuelt i denne saka, men tiltaket førebyggjer mogeleg ureining av grunnen.

Økonomi: Lånekostnadene vert finansiert innan sjølvkostområdet og lastar ikkje kommunen sitt driftsbudsjett elles. Summen vil ikkje påverke avgiftsnivået.

Konklusjon

Administrasjonen rår til at investeringsramma for VA-tiltak i 2016 vert utvida med nye kr 180 000,- for oppgradering av ein delstrekning på hovudleidningsnettet på Moldekleiv.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret auker brutto investeringsramme for 2016 med kr 180 000,- Summen vert finansiert med bruk av unyttta lånemidlar for 2015, tilsvarande kr 180 000.»

Formannskapet - 50/2016**FS - behandling:****FS – framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret auker brutto investeringsramme for 2016 med kr 180 000,- Summen vert finansiert med bruk av unyttta lånemidlar for 2015, tilsvarande kr 180 000.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FE - 223	16/879

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
51/2016	Formannskapet	PS	18.05.2016
53/2016	Kommunestyret	PS	15.06.2016

Søknad om tilskot til sikring av fjellskrent

Vedlegg:

Søknad om økonomisk støtte til sikring av fjellskrent v/ballbinge GBNR 23/501
Frekhaugmarka vel Søknad til NVE om erstatning etter naturskade - sikring av fjellskrent v Bingen
040316
201600801-2 Avslag på søknad om tilskot til fjellsikring etter naturskade NVE - Lekeplass ved
Frekhaugmarka - Meland kommune - Hordaland

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Frekhaugmarka vel har søkt om støtte til dekking av utgiftene i samband med sikring av fjellskrent ved ballbingen i Galtnesvegen.

Prosjektet er nøye gjort greie for i vedlagt søknad til NVE.

Vellaget fekk avslag på søknaden om økonomisk støtte hjå NVE. I avslaget er det vist til at søknaden fell utanfor ramma for tilskotsordninga det vart søkt på. Det er heller ikkje lagt fram dokumentasjon frå sakkunnige som sannsynleggjer at aktuelle bygningar er utsett for stor fare. Til slutt er avslaget grunngjeve med at NVE ikkje skal bidra med støtte til på begynte eller allereie utførte tiltak. NVE har vurdert det slik at støtte frå dei ikkje har vore naudsynt for å gjennomføre tiltaket.

Vurdering

Den aktuelle fjellskrenten Frekhaugmarka vel har sikra vart utsprengt då bustadfeltet vart lagt til rette for utbygging. Arealet er i dag definert som friluftsområde i kommuneplanen. Grunneigar er Nordhordland Indremisjon.

Vellaget har vurdert det som naudsynt å gjennomføre fjellsikring grunna fare for liv og helse, og for å halde oppe tempo i eit omfattande dugnadsarbeid.

Så vidt kommune er kjent med, føreligg det ikkje sakkunnig vurdering frå geolog om at fjellskrenten måtte sikrast. Kommune har heller ikkje pålagt sikringsarbeid.

Vanleg praksis er at det er grunneigar som har ansvar for å sikre sin eigedom. Det gjeld og i dei tilfelle det ligg føre pålegg om sikringstiltak.

Det er utan tvil eit stort og verdefullt dugnadsarbeid som er utført i regi av Frekhaugmarka vel. Eldsjeler har gjort ein imponerende innsats som mange nyter godt av. Slike aktive vellag er viktig for god bukvalitet og levande attraktive bumiljø i Meland.

På den andre sida er det svært uvanleg at kommunen går inn og finansierer slikt arbeid på privat grunn. Prinsipielt er det ikkje heilt kurant at vellag gjer kostnadskrevjande tiltak for så i ettertid å søkje kommunen om økonomisk stønad. Skal kommunen inn å gje eit økonomisk tilskot her, må det takast over driftsbudsjettet då kommunen ikkje er grunneigar og ikkje kan lånefinansiere andre sine investeringar.

Summen det er søkt om kr 187 000,- er og høg med tanke på at vi ikkje har avsette midlar til slike føremål i driftsbudsjettet.

Folkehelse – tiltaket har ein klar folkehelseverdi
Miljø – tiltaket er positivt for lokalmiljøet
Økonomi – tiltaket er gjennomført ved hjelp av privat lån

Konklusjon

Ut frå ei prinsipiell vurdering meiner rådmannen at Meland kommune ikkje kan yte tilskot til sikringsarbeid som er utført av Frekhaugmarka vel.

Det ligg ikkje føre sakkunnig vurdering frå geolog som tilseier at dette arbeide måtte gjerast.

I andre saker der det er pålagt sikring har grunneigar måtta kosta heile sikringsarbeidet. Det vil såleis framstå som urettvist om kommunen i dette tilfellet skulle gå inn med økonomisk stønad til sikringsarbeidet.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret i Meland avslår søknad om økonomisk stønad til fjellsikringsarbeid Frekhaugmarka vel har gjennomført.»

Formannskapet - 51/2016

FS - behandling:

Tilleggsframlegg frå Nils Marton Aadland, H:

"Frekhaugmarka Vel blir oppmoda til å gå i dialog med grunneigar for å finna ei løysing på saka."

Avrøysting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå Nils Marton Aadland vart samrøystes vedteke.

FS – framlegg til vedtak:

"Kommunestyret i Meland avslår søknad om økonomisk stønad til fjellsikringsarbeid Frekhaugmarka vel har gjennomført.

Frekhaugmarka Vel blir oppmoda til å gå i dialog med grunneigar for å finna ei løysing på saka."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Erik Knag Johannesen	FE - 610	16/946

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
49/2016	Formannskapet	PS	18.05.2016
54/2016	Kommunestyret	PS	15.06.2016

Investeringsmidlar kommunale bustader 2016

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I budsjettvedtak for 2016 er det lagt til følgjande verbalpunkt:

«Presisering angående bustader for vanskeligstilte – 10 mill. kr.

Midlane blir ståande unytta fram til rådmannen har lagt fram sak for kommunestyret, der ein vurderer følgjande:

1. Å inngå avtale med private tilbydarar for å sikre høvelege bustader til føremålet.
2. Vurdere noverande bruk av kommunale bustader med omsyn til tildeling, omløpshastighet, vedlikehald og organisering.»

Vurdering

Meland kommune disponerer per dato 109 kommunale bustader. 51 av desse er pleie- og omsorgsbustader, 47 er bustader for vanskeligstilte, og 9 private utleigebustader med tildelingsrett etter «Bergensavtalen». I tillegg til dette leiger kommunen 3 bustader til framleige. Kommunen disponerer i alt 13 private utleigebustader, noko som utgjør 12% av bustadene totalt sett. Av dei kommunalt eigde bustadene er 46 stykk 20 år eller eldre, og av desse 36 stykk 30 år eller eldre.

Folketalet i Meland er ifg. SSB p.t. 7787 personar. I snitt disponerer norske kommunar for tida mellom 20 og 21 kommunale utleigebustader per 1000 innbyggjarar. Meland kommune disponerer per i dag i underkant av 14 bustader per 1000 innbyggjar. Skulle Meland kommune lagt på landsgjennomsnittet måtte talet på disponerte bustader vore om lag 160. Dette utgjør en differanse på om lag 50 bustader.

I det følgjande blir dei to punkta i verbalpunktet til budsjettet vurdert kvar for seg.

Å inngå avtale med private tilbydarar for å sikre høvelege bustader til føremålet

«Bergensavtalen»

Den mest aktuelle avtaletypen er den såkalla «Bergensavtalen». Denne typen avtale har sitt opphav i eit samarbeidsprosjekt mellom bustadbyggjelaga i Bergen, Husbanken og Bergen kommune på 1990 talet. Den gjekk ut på at eksisterande kommunale utleigebustader blei seld til bustadbyggjelaga i Bergen, som overtok utleigeverksemda. «Bergensavtalen» blei politisk vedtatt i Bergen bystyre gjennom «Boligmelding 1993 – 1995» og «Boligmelding 1994 – 1996». Konseptet blei etter dette ført vidare til eit samarbeid om å skaffe fram nye utleigebustader. Modellen blei etter kvart nytta i mange kommunar, der lokale bustadbyggjelag skaffa bustader. Avtalane går i grove trekk ut på at utleigar får finansiering og tilskot frå Husbanken til kjøp/oppføring av utleigebustadene, og kommunen får tildelingsrett ved utleige av bustadene. Avtalane går over like mange år som avskrivning og nedbetaling av tilskot og lån frå Husbanken, typisk over 20 år. Husleiga skal byggje på såkalla gjengs leige, dvs på taksert leige utan marknadsregulering. Det er også reglar for indeksregulering av leigesatsane. Når avtaleperioden er over, sit utleigar igjen med ein nedbetalt eigedomsmasse som kan dipsonerast fritt. Avtalane er altså gunstige for den som ønskjer å bygge opp eigenkapital over tid.

Tilbakemeldingane frå Bergen og andre kommunar var at konseptet hadde fungert godt i mange år, administrasjonen meinte det var god grunn til å vidareføre dette konseptet til samarbeidsavtale med andre private utleigarar. Meland kommune gjorde i 2011 ein «Bergensavtale» om 6 bustader med Walde utleie AS. Dette var første gong «Bergensmodellen» vart nytta opp mot andre enn bustadbyggjelag.

I nemnde avtale mellom tidlegare Walde utleie AS (no Nesheim utleie AS) og Meland kommune er det oppstått tvist etter at det i 2014 blei fremja krav om vesentleg auke i husleiga for alle dei 6 aktuelle bustadane. Dette er teke opp eiga sak til formannskapet, «Forslag om endring av avtale – utleigebustader med tildelingsrett for Meland kommune».

Meland kommune har i 2012 også inngått «Bergensavtale» med Bolig for Alle AS, knytt til 3 bustader. Det har til no ikkje vore nokon tvist rundt drifta eller regulering av husleige der. Både Bolig for Alle AS og Nesheim utleie AS opererer innafor «Bergensavtalen» også i Bergen kommune.

Administrasjonen meiner at Meland kommune har erfart sårbare punkt knytt til «Bergensavtalen». Det er derfor nødvendig å arbeide vidare med både avtaleverk og krav til utleigar før ein eventuelt vidarefører denne modellen, med andre private aktørar på marknaden.

På eit seminar i regi av Husbanken 12. april 2016, der større utbyggjarar og bustadbyggjelag deltok, kom det fram at avtaleperioden på 20 år er noko lang for at modellen framleis skal vere interessant. Her er det Husbanken som evt. må endre reglane for tilskot, dersom avtaleperioden skal reduserast. Det kom også fram at det må vere eit visst volum i tal bustader for at det skal vere interessant å inngå avtale med kommunane. Bergen kommune sin politikk er t.d. at 125 bustader skal skaffast fram årleg ved bruk av denne modellen (av totalt 450).

Ved årets «Boliger for fremtiden» konferanse i regi av NKF, blei det mellom anna presentert prosjekt der kommunen tar større del i plan og prosjektdelen for å skaffe høvelege bustader både for finansiering med husbanklån, leige til eige og til utleige, med tilvisingsrett for kommunen. Dette er eit resultat av at byggebransjen ønskjer mindre risiko og ressursbruk på plan. Sandnes kommune presenterte ein modell der kommunen sel heilt ferdige detaljerte planar til utbyggjarane.

Etter dette finn administrasjonen at det bør vere aktuelt å inngå nye avtalar basert på «Bergensavtalen», men då i samband med utbygging av nye bustadområde. Denne oppfatninga deler også Husbanken og fleire andre kommunar.

Til no har Meland som nemnt inngått avtale med to tilbydarar, utan utlysing eller konkurranse. Dersom kommunen ønskjer å nytte denne modellen på meir permanent basis, bør tiltaket i utgangspunktet lysast ut i tråd med reglane for offentlege anskaffingar. Sidan det er få parallelle utbyggingsområde i kommunen og liten konkurranse om å få tildelt ein slike avtale, må utvelgingsmåten vurderast nærare i eiga sak.

Etter det ovanfor nemnde vil det ikkje vere mogleg å få til nye avtalar med tildelingsrett i 2016, anna enn om det skulle dukke opp enkelte husvære som Bustad for Alle AS måtte kunne tilby.

Leige til framleige

Kommunen har i nokon høve gjort avtalar om leige av private bustader eller sekundærhusvære til framleige. Dette gjeld berre eit fåtal bustader, og er å rekna for ei mellombels løysing i påvente av midlar til å kjøpe nye bustader. Leige til framleige er ikkje ei god løysing for kommunen, då administrasjonen ikkje har noko apparat til å administrere desse avtalane. Bergen kommune har etablert «Bergen bidrar», som er eit kontor der private huseigarar kan vende seg dersom dei har husvære som er aktuelle for utleige. Kontoret administrerer ordninga og koordinerer alle tenester som må involverast i kvart tilfelle, medrekna vurdering av standard og tekniske krav og vurdering av leigesatsar. Kommunen kan t.d. ikkje inngå avtale om husvære som ikkje er godkjent etter plan- og bygningslova.

Vurdere noverande bruk av kommunale bustader med omsyn til tildeling, omløpshastighet, vedlikehald og organisering.

Tildeling av kommunal bustad skjer gjennom vedtak etter lov om sosiale tenester, i regi av NAV, Pleie- og omsorgs-tenesta (PLOMS). Plan, utbygging og kommunalteknikk (PUK) har drift- og vedlikehalds- og forvaltningsansvaret for bustadene og sørgjer for at leigeavtalar m.m. er i orden.

Bustader som blir tildelt på sosialt grunnlag gjennom NAV, har leigeavtaler på 3 år og ein måned. Når leigeavtalen utgår, sender kommunen ut flyttevarsel. Dersom leigetakar framleis treng å bu i ein kommunal utleigebustad, skal det gjerast ein ny behovsprøving, som fører til eit nytt vedtak.

Nokre leigetakarar har frå gammalt av fått tidsubestemte leigeavtalar. Her har leigetakar eit vern mot oppseiing etter husleigelova (Husl.). For dei dette gjeld, kan bustaden likevel seiast opp dersom det ligg føre ein sakleg grunn, eller leigetakar elles ikkje stettar sine pliktar etter leigeavtalen. Desse avtalane vil bli fortløpande erstatta med tidsavgrensa avtalar.

Dei seinare åra er det gjort mykje for å sikre god omløp av dei kommunale bustadene, m.a. er det laga nye husleigeformularar og det er etablert rutinar for meldingar om inn- og utflytting. Målet er at dei kommunale bustadene skal vere mest mogeleg utnytta. Samstundes må det vere noko ledig kapasitet for at kommunen skal ha bustad å tilby når ein innbyggjar har krav på det. Frå hausten 2014 blei det etablert eit fast møtepunkt mellom NAV, PLOMS, PUK og psykisk helse for å styrke dette samarbeidet og sikre effektiv koordinering av tenestetilbodet og forvaltninga.

Det er likevel ein del av leigetakarane i dei kommunale bustadene som trass i godkjent leigetid utover dei tre åra, ikkje har noko anna reelt alternativ. Kommunen har plikt til å syta for at dei som ikkje klarer seg sjølv, får hjelp med å skaffe seg ein trygg og god bustad. Varig svekka evne til å skaffe seg inntektsgjevande arbeid, eller sosiale, psykiske og rusrelaterte problem ligg ofte til grunn. Gruppa unge med såkalla dobbeltdiagnose, dvs kombinasjonen rus og psykiatri, synes å auke mest som nye

leigetakar.

Flyktningar får, som andre leigetakarar, husleigeavtaler for 3 år og 1 måned. Kor lenge den enkelte treng å bu i kommunal bustad varierer. Nokon vil trenge nytt vedtak når leigetida er ute, andre seier opp avtalen før det første vedtaket går ut.

Administrasjonen meiner det er god økonomi for kommunen å ha eit fast tilbod på kommunale bustader, men med ein mindre tilvekst årleg. Dei eldste bustadene bør fasast ut ved sal når dei vert ledige, dette reduserer vedlikehaldsbehovet og kostnader til fornying etter slitasje mm. Ved ei kontinuerleg utskifting vil kommunale bustader kunne få ei vekslende lokalisering i kommunen. Det er også tilrådeleg med ein fortytning, enkelte plassar i Frekhaug området. Husleigeinntektene dekkjer forvaltnings- og driftskostnadane.

Det meste av vedlikehalds- og reparasjonsarbeidet blir i dag gjennomført av kommunen si drifts- og vedlikehaldsavdeling. Dette held kostnadene nede. Med ein aldrande bustadmasse, kan det innan kort tid bli nødvendig å rehabilitere/sanere enkelte bygg.

Meland kommune søker tilskot frå Husbanken på alle nye bustader. Tilskotet har 20 års nedskrivning. Etter nedskrivning kan bustaden seljast. Kommunen får då utnytta tilskotsordninga best mogleg, samtidig som ein kan unngå ein gammal og vedlikehaldstung eigedomsmasse. Husbanken har hatt ein sterk auke i talet på søknader om tilskot, og rammene er ofte overskridne. Det kan derfor gå noko tid før ein får avklart søknadar om tilskot ved kjøp av eksisterande bustader.

Uavhengig av kva slags strategi ein vel må nye bustader stå klare før dei gamle kan seljast. Det vil her vere urealistisk å tru at ein eventuell salssum for ein eldre bustad vil dekkje kostnadene til ny bustad. Det trengs derfor investeringsmidlar, både til forskottering og til å dekkje differansen mellom kjøp og sal.

Vanskelegstilte har ofte utfordringar knytt til mobilitet. Desse må ha tilgang til servicetilbod og offentleg kommunikasjon. Det er derfor nødvendig å ha kommunale bustader i sentrale område. Samtidig ønskjer ein å skape gode bu- og oppvekstmiljø. Bustadene må derfor ikkje liggje for tett. Større klynger med kommunale bustader slik det er enkelte stader i dag, er ikkje ønskeleg i framtida. Det må her likevel gjerast unntak for enkelte grupper som treng bustader med fastare rammar eller nærleik til støtteapparatet.

Meland kommune må derfor ha nokon alternativ. I tillegg til vanlege kommunale bustader har kommunen også behov for akuttplasseringsbustader eller bustader med korte leigeavtarar for personar som treng hjelp i ein overgangsfase. Desse kan ha enkel standard og nøktern storleik, og ein må rekne med at desse i periodar vil stå ledige.

Konklusjon

Totalt sett aukar presset på dei kommunale bustadene som eit resultat av vekst i folketal, auke i talet på unge som treng hjelp og auke i talet på flyktningar som skal busetjast i kommunen.

Administrasjonen meiner det er aktuelt både å nytte modellen som «Bergensavtalen» byggjer på, og drive utleige av kommunale bustader – då med kontinuerleg rullering. For 2016 er det ikkje mogeleg å få i stand ein avtale som byggjer på «Bergensavtalen» pga. mangel på nye utbyggingsområde. Administrasjonen rår til at dei budsjetterte midlane i 2016 blir nytta til kjøp av bustader. Det er vanskeleg å sjå annan måte å ivareta kommunen si plikt til å syta for at dei som ikkje klarer seg sjølv, får hjelp med å skaffe seg ein trygg og god bustad. Dette gjeld også flyktningar.

Det bør lagast ei ny bustadmelding som kan gå meir i djupna på dei ulike modellane og legge ein strategi for den kommunale bustadpolitikken. Planen bør vera kortfatta og konkret, slik at rammene for å skaffe fram bustader for vanskelegstilte blir klarlagt i god tid før 2017.

Framlegg til vedtak:

«Formannskapet tar saka til orientering. Avsette midlar i investeringsbudsjettet for 2016 kan nyttast til kjøp av bustader. Administrasjonen kjem tilbake med ei bustadmelding for den kommunale bustadpolitikken, for behandling i samband med årsbudsjettet for 2017.»

Formannskapet - 49/2016

FS - behandling:

Avrøysting:

Framlegg til vedtak fekk 6 røyster for, (AP, H, KrF, SP, V), 1 røyst mot, (FrP), og er såleis vedteke.

FS – framlegg til vedtak:

«Formannskapet tar saka til orientering. Avsette midlar i investeringsbudsjettet for 2016 kan nyttast til kjøp av bustader. Administrasjonen kjem tilbake med ei bustadmelding for den kommunale bustadpolitikken, for behandling i samband med årsbudsjettet for 2017.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Reidun Elin Johannessen	FA - A10, TI - &30	14/4081

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
38/2016	Utval for levekår	PS	07.06.2016
55/2016	Kommunestyret	PS	15.06.2016

Barnehageplan (kvalitetsdel) 2016-2020

Vedlegg:

Barnehageplan 2016-2020 - endelig

Innspel Banrehageplan 2016-2020

Innspel til Barnehageplanen 2016-2020


Epostmelding - Innspill til Barnehageplanen 2016-20 fra Leiketun barnehage

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Barnehageplan for perioden 2016-2020 er den tredje barnehageplanen til Meland kommune. Den siste planen er frå 2010-2012. (KS-sak 16/12 2009). I sak 031/13 vedtok «Utval for levekår» oppstart av arbeid med revidering av barnehageplan for perioden 2013-2017. Arbeid med planen har vore utsatt i fleire periodar. Årsak til utsetjing har vore mangel på kapasitet, ønskje om å gjennomføre ei foreldreundersøking og nye endringar i barnehagesektoren nasjonalt. Planperioden er difor endra til 2016-2020 og vil no følgje valperioden. Planen har no vore på høyring, og det er komen inn eit innspel som ligg som vedlegg til saken.

Barnehageplanen tek utgangspunkt i fire ulike typar for kvalitet som vist i modell under:



Figur 1: Modell over kvalitetstyper

Dei *strukturelle elementa* ved kvalitet inkluderer normering og bemanning, barnehagepersonalet sine kvalifikasjonar og utdanning, arbeidsforhold, samt fasilitetar og ressursar i barnehagen. Strukturelle faktorar er i høg grad styrt av rammer utan for barnehagen, som økonomi.

Dei *prosessuelle elementa* ved kvalitet handlar om interaksjon mellom barn og vaksne, og barnehageleiing.

*Innhald- og resultat*elementa kan ofte vere vanskelig å skilje frå kvarandre. Innhaldskvalitet skildrar barnehagen sin «indre kvalitet» og korleis barnehagen lever opp til krava i rammeplanen. Resultatkvalitet er ofte knytt til korleis føresette og barna oppleve kvaliteten t.d. barnet si utvikling, innhaldet i barnehagen, kompetanse til dei tilsette, trivsel m.m.

I planen skisserast mål for planperioden basert på desse fire kvalitetstypene:

Kvalitetstypar	Mål i planperioden
<i>Strukturell kvalitet</i>	<ul style="list-style-type: none">· 80% av assistentane er fagarbeidarar· 50 % av alle dei tilsette er pedagogar· 20 % av dei tilsette er menn· Tilbyr barnehageplass i gode fysiske omgjevnader· Kompetanseheving av personalet i tråd med lokale og nasjonale behov
<i>Prosesskvalitet</i>	<ul style="list-style-type: none">· Styrke arbeidet med informasjon og samhandling med føresette· Føresette og barn skal bli møtte med respekt og verte tekne på alvor· Personalet skal vise omsorg for barnet
<i>Innhaldskvalitet</i>	<ul style="list-style-type: none">· Arbeid med <i>språk</i> i barnehagane· Arbeid med <i>realfag</i> i barnehagane· Arbeid med <i>tidleg innsats</i> i barnehagane· Arbeid med <i>berekraftig utvikling</i> i barnehagane
<i>Resultatkvalitet</i>	<ul style="list-style-type: none">· Barn skal oppleve <i>vennskap med andre barn</i>· Barn skal oppleve <i>glede og trivsel</i>

Vurdering

Administrasjonen har gjort ei vurdering av innspel som er kome inn i høringsperioden, og viser til vedlegg. Når det gjeld tiltak for barn med særskilte behov har administrasjonen starta opp eit eige prosjekt knytt til «Tidleg innsats» som vil gjelde kvalitetsarbeid for denne målgruppa. Ny organisering av den spesialpedagogiske hjelpen og støttemidlar vil framleis vere aktuelt å vurdere i samband med ny kommunal barnehage, og evt. en ny kommune.

Folkehelse: Samfunnsmandatet til barnehagane handlar om utvikling av folkehelsa.

Miljø: Ikkje aktuelt.

Økonomi: Kostand knytt til tiltak i planen vert vurdert saman med budsjettarbeidet kvart år.

Konklusjon

Innspel frå høyringa har vore vurdert og endeleg plan vert tilrådd godkjent av kommunestyret.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner barnehageplan (kvalitetsdel) for 2016-2020»

Utval for levekår skal handsama saka i møte 07.06.16. Framlegg til vedtak frå ULK vert lagt fram i møtet.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helge Kvam	FA - U60, FE - 146	16/402

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
39/2016	Utval for levekår	PS	07.06.2016
56/2016	Kommunestyret	PS	15.06.2016

Meland kommune - Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2019

Vedlegg:

Alkoholpolitisk handlingsplan for Meland kommune 2016-2019

Høyring - Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2019 for Meland kommune

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Den kommunale alkoholpolitikken vert forvalta innan dei rammer som er gjeve i Lov om omsetning av alkoholholdig drikk mv [Alkohollov](#) samt [Forskrift alkohollov](#). Alkohollova § 1-7 pålegg kommunen å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan.

Viser her til saksutgreiing jamfør Utval for levekår sak 23/2016 (vedlegg).

Rådmann gjer i tillegg merksam på lovendring frå 1. januar 2016 med omsyn til alkohollova §3-7 «Tidsinnskrenkingar for sal og utlevering av alkoholhaldig drikk med høyst 4.7 volumprosent alkohol». Det er ikkje lenger forbod med å selje/utlevere alkoholhaldig drikk høgst 4.7 volumprosent på stemmedagen for stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkerøysting. Grunngevinga frå departementet for lovendringa er oppfatning om at tida har løpt frå forbodet mot sal på valdagane. Ifølge departementet var tidlegare føremål å understreke det høgtidlege ved valhandlinga og førebyggje at personar møtte ruspåvirka for å avgi stemme. Skjenkeforbodet for brennevin på valdagar er allereie oppheva, og det blir no uansett omsett alkohol på valdagen. Vidare vert det peika på at dagens valordning inneber førehandsstemmer. Innanfor dei rammer gjeldande alkohollov set, er det no opp til kommunane å vurdere aktuelle tidsinnskrenkingar for sal og utlevering.

I høyringsutkast er det ikkje sett begrensingar for sal av alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent på valdagar. Ein legg til grunn minstekrav i lovtekst.

I Nordhordland har per tid til dømes Radøy og Austrheim likelydande føringar som Meland sitt noverande høyringsutkast. Imidlertid har Lindås kommune til handsaming planutkast der det er framlegg om å begrense/forby sal av alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent på valdagar.

Høringsutkast vart sendt til aktuelle mottakarar den 15.03.16 med svarfrist 29.04.16. I tillegg er høyring annonsert på kommunen si nettside. Det er ikkje kome inn merknader til høyringsutkast.

Vurdering

I vedlagt Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2019 finn ein framlegg til retningslinjer, reaksjonsformer ved brot på alkohollova samt kommunen sitt reglement om opningstid for sals- og skjenkeløyve. Rådmann syner aktuelle framlegg til vedtak relatert direkte i dei ulike kapittel/punkt i planen.

Meland kommune held fast på tidlegare praksis med at ein skal søkje på nytt etter kvar 4 årsperiode i høve til varighet for sals- og skjenkeløyve. Rådmann vurderer at det er ein føremon at kommunane i Nordhordland har same praksis mellom anna med omsyn til samhandling om kontrollverksemd.

Frå og med 2016 er bestemmelser om inndragning av sals- og skjenkeløyve forskriftsfesta, herunder sakshandsamingsreglar og standardiserte reaksjonar for ulike typar overtredingar.

Prikktildelingsystemet er heimla i alkohollova §1-8, og er nærare presisert i alkoholforskrifta kapittel 10. Grunna korte fristar for sakshandsaming er det ein føremon at rådmann vert delegert praktisk gjennomføring av prikktildelingsystemet, mens kommunestyret vedtar sjølve inndraging av løyve.

Når det gjeld kommunen sin fridom til å drive eigen alkoholpolitikk viser rådmann mellom anna til plan punkt 2.3 Retningslinjer for tildeling av skjenkeløyve. Rådmann legg her til grunn ei vidareføring av retningslinjer frå tidlegare alkoholpolitisk handlingsplan.

Folkehelse – ingen merknad, viser til plandokument

Miljø – ingen merknad

Økonomi – ingen merknad

Konklusjon

Rådmann rår til at ein godkjenner Alkoholpolitisk handlingsplan for perioden 2016-2019 slik den ligg føre.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner Alkoholpolitisk handlingsplan for perioden 2016-2019 slik den ligg føre (vedlegg). Aktuelle vedtak følger av kvart kapittel/punkt i plandokument.»

Utval for levekår skal handsama saka i møte 07.06.16. Framlegg til vedtak frå ULK vert lagt fram i møtet.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Øyvind Oddekalv	FA - A20	16/1019

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
57/2016	Kommunestyret	PS	15.06.2016

Høyringsuttale til Hordaland fylkeskommune sin skulebruksplan 2016

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Hordaland Fylkeskommune har etter vedtak i Fylkesutvalet 19. mai, sendt ut skulebruksplanen 2016 – 2030 på høyring med frist 1. juli. Planen legg grunnlaget for det vidaregåande skuletilbodet som skal vera i Hordaland i framtida med vedtak i fylkestinget i oktober. Planen inneheld både struktur- og programdel.

Meland kommune ønskjer å gje ein uttale til skulebruksplanen, og viser samstundes til Regionrådet i Nordhordland sin fellesuttale frå kommunane i Region Nordhordland. Uttalen vart vedtatt i Regionrådsmøtet fredag 10. juni 2016. Regionrådet støtter også eventuelle uttalar frå den enkelte kommune i regionen. Vi viser også til fellesuttale frå Regionrådet i samanheng med rulleringa av skulebruksplanen i 2013.

Vurdering

Skulebruksplanen oppgjer at dei viktigaste avgjerdsgrunnlaga er som følgjer:

- Regional plan for attraktive senter
- Elevtalsutvikling
- Reisetidsanalyse
- Kapasitet og tilstand på eksisterande bygningar

Skulebruksplanen gjev Nordhordland ei dobbel utfordring gjennom at Austrheim vidaregåande skule vert føreslått nedlagd frå 2020. Knarvik vidaregåande skule misser nokre utdanningsprogram, og får om lag same storleik som i dag. Osterøy vidaregåande skule vert vidareført som i dag.

Elevtalsprognosen syner at Nordhordland vil ha ein auke i elevar framover, til 1300 elevar i VGS-alder.

Meland kommune vil peika på at skulebruksplanen også føreset ein stor auke i kapasitet ved Åsane vidaregåande skule og Tertnes vidaregåande skule, og planen føreset med dette at elevar frå Bergen som i dag går ved Knarvik VGS heretter skal gå i Bergen. Framlegget om nedlegging av Austrheim VGS byggjer på dette grunnlaget, gjennom at om lag tilsvarande tal elevar frå Bergen flyttast til Åsane, som tal elevar frå Austrheim VGS til Knarvik VGS, sjå tabellen under.

	Forventa behov	Planlagd kapasitet	Avvik
Nordhordland	1300	963	-337
Bergen Nord	1330	1625	+295

Det vert også flytta utdanningstilbod frå Knarvik VGS til Åsane, noko me er usamde i. Knarvik VGS er ein av dei største og mest populære skulane i fylket, og ved den store utvidinga i 2009 fekk Kunst, design og arkitektur (KDA) og Design og handverk skreddarsydde lokale. Skulebruksplanen foreslår ikkje KDA i Åsane heller, og me meiner at Knarvik må ha både KDA og Design og handverk. Dette er utdanningsprogram som er nært beslekta, og lærarane kan undervisa på begge programma.

Me meiner og at den planlagde flyttinga av Service og samferdsel inkl. Transport og logistikk frå Knarvik VGS til Bergen Nord må stoppast. Dette har me gjort greie for i eige brev til HFK datert 2.februar 2016, sjå vedlegg.

Meland kommune meiner at fylkeskommunen sin skulebrukspolitikk dei siste åra gjev distrikta i fylket utfordringar. Fylkeskommunen har som uttalt mål å utvikla heile Hordaland. Når det gjeld vidaregåande skular, så har det dei seinare åra vore ei stor kapasitetsoppbygging av skular og utdanningsprogram i Bergen kommune. I tillegg har fylkeskommunen sleppt til mange private vidaregåande skular og deira utvida tilbod. Det meste av dette har skjedd i Bergen. Framlegget til skulebruksplan vidarefører noko av denne politikken ved at elevar frå Åsane vert flytta frå Knarvik til Åsane, og Austrheim VGS vert føreslått nedlagd. Dermed vert det distrikta som betaler prisen for kapasitetsutvidinga i Bergen. Dette er me usamde i.

Dersom vi samanliknar med t.d. Sunnhordland, så planlegg skulebruksplanen med to skular der (Stord og Bømlo VGS). Sunnhordland har eit folketal på om lag same nivå som Nordhordland. Dersom ein tek med kommunane Gulen og Solund, så skal berre ein skule i Nordhordland dekkja eit større folketal enn det to gjer i Sunnhordland.

Skulebruksplanen tek ikkje omsyn til samarbeidsavtalen med Sogn og Fjordane. Ved å leggja ned Austrheim VGS vil dei elevane frå Gulen og Solund som i dag kan bu heime og gå på Austrheim VGS, verta tvinga til hybeltivære som elevar, enten i Knarvik, Dale eller Førde. Dette er me usamde i.

Vidare vil me peika på at reisetida i skulebruksplanen ikkje viser det reelle biletet for ungdommane. Reisetidsanalysen er rekna ut frå køyring med privatbil noko som gjev eit feil faktisk bilete av reell reisetid med kollektivtransport. Reisetida er i realiteten mykje lenger for mange elevar, også for langt fleire enn dei som ut frå reisetidsanalysen har 45 min køyring til Knarvik. Me meiner derfor at grunnlaget for å leggja ned Austrheim VGS basert på reisetidsanalysen, er feil, og må avvisast.

Nordhordland er ein føregangsregion innan TAF og yrkesfag. Me har eit særs godt samarbeid mellom næringsliv, kommunar og dei vidaregåande skulane, noko som også viser att i mange læreplassar. Det må ikkje flyttast utdanningsprogram som både er viktige for næringslivet i Nordhordland, og som kan svekka lærlings situasjonen vår.

TAF blir ikkje nemnt med eit ord i skulebruksplanen, i dag går vel 200 elevar på dette tilbodet på 4 ulike utdanningsprogram på Knarvik VGS. Me meiner dette tilbodet må oppretthaldast og utviklast, og at tilbodet må kome tydeleg fram som eit eige utdanningstilbod.

Tabell over noverande og føreslegne struktur- og utdanningstilbod i Nordhordland:

Dagens tilbud	ST	PB	TIP	SS	RM	HO	EL	DH	BA	TO	Sum	
Austrheim		67	29	59	0	12	33	41	0	21	2	264
Knarvik		323	133	159	54	0	100	95	36	60	63	1023
Adm. forslag												
Knarvik		360	60	135	0	0	120	60	75	105	48	963

Oppsummering

Meland kommune er usamd i framlegget til skulebruksplanen sine tilrådingar for Nordhordland. Skulebruksplanen bommar på det mest sentrale ved at elevtalsprognosen viser vekst til 1300 elevar i Nordhordland, medan studietilbodet legg opp til 963 elevplassar i Nordhordland. Me kan ikkje godta at Austrheim VGS vert lagt ned, og at studietilbod vert flytta frå Knarvik VGS til Åsane. For at fylkeskommunen skal leva opp til slagordet om å utvikla heile Hordaland, så må det tvert om flyttast studietilbod ut av Bergen og til Nordhordland.

Me meiner også at Fylkestinget må sjå satsing på vidaregåande skular som eit tiltak for å sikra betre kollektivtilbod i heile Hordaland. Dette vert best ivareteke ved at Austrheim VGS vert satsa på vidare.

Framlegg til vedtak:

«Meland kommune krev at Fylkestinget gjer fylgjande vedtak

- Nordhordland skal ha dagens tre vidaregåande skular; Knarvik, Austrheim og Osterøy (i Arna region), og me skal ha kapasitet på utdanningstilbod på 1300 plassar (for Knarvik og Austrheim), slik elevtalsprognosen tilseier.
- Knarvik VGS får tilført Kunst, design og arkitektur, og får behalde Service og samferdsel med Transport og logistikk.
- Austrheim VGS vert satsa på ved å oppretthalda studiespesialiserande tilbod som vert utvida med fordjuping i havsportretta friluftsliv.
- Bygg- og anleggsgfagtilbodet må verta utvida med ISO-faget (isolasjon, stillas, overflate) ved anten Austrheim VGS eller Knarvik VGS. Me har fått innspel frå næringslivet om at dei ynskjer norske fagarbeidarar i dette faget, men det meste av kompetansen er i dag utanlands.
- Det må også investerst i bygningar som samlokaliserer Knarvik VGS på Juvikstølen, og nybygg ved Austrheim VGS.
- Nordhordland har gode tradisjonar for satsing på yrkesfag, og me har eit særst godt samarbeid mellom næringsliv, kommunar og skular som gjer at me har høgt tal læreplassar i regionen. Dette underbyggjer at det ikkje må flyttast opplæringstilbod ut av regionen.
- Samarbeidsavtalen med Sogn og Fjordane må vidareførast slik at elevane dette gjeld får bu heime og gå ved Austrheim VGS. Skulane er til for elevane, same kor dei bur!
- TAF-tilbodet må synast betre i utdanningstilbodet. Me meiner det desavuerer dette tilbodet at det ikkje i det heile blir omtalt i skulebruksplanen.»

Saka skal handsamast i Regionrådet fredag 10. juni.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	FA - C83, TI - &16	16/1185

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
45/2016	Kommunestyret	PS	11.05.2016
58/2016	Kommunestyret	PS	15.06.2016

Søknad om fritak frå politiske verv

Vedlegg:

Søknad om fritak frå politiske verv

Søknad om fritak frå politiske verv

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunen har per 02.05.16 motteke søknad frå Ida Cecilie Alvær om fritak frå politiske verv. Søknaden er ikkje avgrensa i tid, og administrasjonen legg til grunn at han då gjeld for resten av perioden.

Søknaden er i tilleggsskriv grunngjeven med personlege tilhøve, med særskilt vekt på omsorgsoppgåver og familiesituasjon.

Ida Cecile Alvær har desse verva: Varamedlem til kommunestyret og varamedlem til Utval for levekår.

Vurdering

I samsvar med kommunelova § 15 kan kommunestyret etter søknad frita for eit kortare tidsrom eller for heile perioden «den som ikkje uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet.» Av kommentarutgåva til kommunelova går det fram at fritaksgrunn i første rekkje vil vere søkjar sine arbeidstilhøve, dårleg helse eller andre velferdsgrunnar som gjer det ekstra byrdefylt å oppfylle dei plikter som vervet medfører.

Søkjar har gitt utfyllande opplysningar om bakgrunnen for søknaden i tilleggsskriv, dat. 02.05.16 (ikkje off.) Slik administrasjonen vurderer desse opplysningane vil søknaden liggje innanfor dei kriteria som gjeld for fritak. Administrasjonen vil såleis tilrå at kommunestyret innvilgar Ida Cecilie Alvær fritak frå alle politiske verv ut perioden. For vervet som varamedlem til kommunestyret rykkjer varamedlem frå same gruppe opp i den nummerorden dei er valde i. For vervet som varamedlem til ULK må det veljast nytt varamedlem. Den nye varamedlemmen skal då kome frå same partigruppe, jf. kommunelova § 16.

Det har elles vist seg at det kan vere grunnlag for at valstyret, ev. kommunestyret gjer eit suppleringsval til den aktuelle varalista. Dette spørsmålet er under utgreiing og vil kome opp som ei eiga sak.

Folkehelse: Ikkje relevant i saka.

Miljø: Ikkje relevant i saka.

Økonomi: Ikkje relevant i saka.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering vil administrasjonen tilrå at kommunestyret innvilgar Ida Cecile Alvær fritak frå alle politiske verv ut kommunestyreperioden. Varamedlem til kommunestyret rykkjer opp i den nummerorden dei er valde i. For varamedlem til Utval for levekår må det gjerast nytt val.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner at Ida Cecilie Alvær får fritak for alle politiske verv ut gjeldande periode. Som nytt varamedlem til Utval for levekår vert vald.....»

Kommunestyret - 45/2016

KS - behandling:

Kommunestyret utset val av nytt varamedlem til Utval for levekår.

KS - vedtak:

"Kommunestyret godkjenner at Ida Cecilie Alvær får fritak for alle politiske verv ut gjeldande periode."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Øyvind Oddekalv	FE - 033	16/1256

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
59/2016	Kommunestyret	PS	15.06.2016

Val av meddommarar til tingretten 01.01.17 - 31.12.2020

Vedlegg:

Val av meddommarar for perioden 01.01.2017 - 31.12.2020

Valg av lagrettemedlemmer og meddommere samt skjønnsmedlemmer for perioden 1. januar 2017 til 31. desember 2020

Kommunebrev vedlegg (L)(64169)

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Valnemnda har lagt fram framlegg til kandidatar til meddommarar i Nordhordland tingrett for perioden 2017-2020.

Alle kandidatane er spurt og har sagt seg villige til å ta vervet.

Framlegg til kandidatar til tingretten har vore lagt ut til offentleg gjennomsyn i resepsjonen på rådhuset og biblioteka i tidsrommet 18.05.16 – 01.06.16.

Frist for å koma med innsigelser var sett til 06.06.16.

Framlegg til vedtak frå valnemnda:

Stine Dahl

Marie Skorpen

Tone Gunn Simonsen Solsvik

Evy Straumøy

Linda Gjelsvik Teigen

Kjersti Nygård Vie

Linn Christine Barstad

Henriette Fennelly

Åse Grønsnes

Camilla Holmetun

Grete Sylvi Erdal Husebø

Turid Hesjedal

Pia Elin Grøneng

Rune Brekklus
Karl Andre Dale
Steinar Erstad
Dan-Erik Johannesen
Thomas Fosse
Torstein Vik
Are Nygård
Bent Gunnar Næss
Emil Stenersen
Øystein Vikebø
Ronald Øyen
Monrad Boge
Morten Klementsens»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FE - 033	16/1252

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
60/2016	Kommunestyret	PS	15.06.2016

Val av lagrettemedlemmer og meddommarar for perioden 01.01.17 - 31.12.20

Vedlegg:

Val av lagrettemedlemmer og meddommarar for perioden 01.01.17 til 31.12.2020

Antall meddommarar og lagrettemedlemmer - Hordaland og Sogn og Fjordane

Kart - jordskifterettane i Gualting lagdømet

Kart - tingrettane i Gulating lagdømet

Rapportering av valg av lagrettemedlemmer og meddommere samt skjønnsmedlemmer for perioden 1. januar 2017 til 31. desember 2020

Valg av lagrettemedlemmer og meddommere samt skjønnsmedlemmer for perioden 1. januar 2017 til 31. desember 2020

Kommunebrev vedlegg (L)(64169)

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Valnemnda har lagt fram framlegg til kandidatar til lagrettemedlemmer og meddommarar i Gulating lagmannsrett for perioden 2017-2020.

Alle kandidatane er spurt og har sagt seg villige til å ta vervet.

Framlegg til kandidatar til lagmannsretten har vore lagt ut til offentleg gjennomsyn i resepsjonen på rådhuset og biblioteka i tidsrommet 18.05.16 – 01.06.16.

Frist for å koma med innsigelsar var sett til 06.06.16.

Framlegg til vedtak frå valnemnda:

«Lagrettemedlemmer 01.01.2017-31.12.2020

Mai Britt Brakstad

Beate Andersen

Anne Lise Gulli Geitanger

Lillian Merete Sivertsen Torvund

Anne Grete Eide

Berit Markhus

Åge Grasdal
Stein Erik Ebbesvik
Tore Eugen Hansen
Torfinn Losnedal
Bjørn Østgårdsgjelten
Charles Lindberg»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Øyvind Oddekalv	FE - 033	16/1269

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
61/2016	Kommunestyret	PS	15.06.2016

Val av jordskiftedommarar til jordskifteretten 2017-2020

Vedlegg:

Val av jordskiftemeddommarar til jordskifteretten for perioden 1.januar 2017 til 31.desember 2020

Val av lagrettemedlemmer og meddommere samt skjønnsmedlemmer for perioden 01.01.2017 - 31.12.2020

Bestemmelser om val av lagrettemedlemmer og meddommere

Rapportering av valg av lagrettemedlemmer og meddommere samt skjønnsmedlemmer for perioden 1. januar 2017 til 31. desember 2020

Valg av lagrettemedlemmer og meddommere samt skjønnsmedlemmer for perioden 1. januar 2017 til 31. desember 2020

Kommunebrev vedlegg (L)(64169)

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Valnemnda har lagt fram framlegg til kandidatar til jordskifteretten for perioden 2017-2020.

Alle kandidatane er spurt og har sagt seg villige til å ta vervet.

Framlegg til meddommarar til jordskifteretten har vore lagt ut til offentleg gjennomsyn i resepsjonen på rådhuset og biblioteka i tidsrommet 18.05.16 – 01.06.16.

Frist for å koma med innsigelser var sett til 06.06.16.

Framlegg til vedtak frå valnemnda:

Jordskiftemeddommarar til jordskifteretten for perioden 01.01.2017 – 31.12.2020

Cecilie Brandt

Gro Dale Dalland

Liv Hopland van der Kooij

Marianne Stople

Kathrine Straumøy Brakstad

Vigdis Gaustad

Rikke Jensen

Aslaug Haugland

Tone Skurtveit Iden

Bente Oliverson Sagstad

Atle Håtuft
Sigve Eldøy
Dagfinn Skare
Kåre Skibenes
Lars Skintveit
Magnar Askeland
Åsmund Skurtveit
Helge Henanger
Jacob Hernar
Svein Arne Dale

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Øyvind Oddekalv	FE - 033	16/1253

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
62/2016	Kommunestyret	PS	15.06.2016

Val av skjønnsmedlemmer 2017 - 2020

Vedlegg:

Rapportering av valg av lagrettemedlemmer og meddommere samt skjønnsmedlemmer for perioden 1. januar 2017 til 31. desember 2020

Valg av forliksrådsmedlemmer og skjønnsmedlemmer 2017

Valg av lagrettemedlemmer og meddommere samt skjønnsmedlemmer for perioden 1. januar 2017 til 31. desember 2020

Kommunebrev vedlegg (L)(64169)

Val av skjønnsmedlemmer 2017

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Valnemnda har lagt fram framlegg til skjønnsmedlemmer for perioden 2017-2020. Det er fylkestinget som skal velje skjønnsmedlemmer, men kommunane skal kome med forslag på medlemmer.

Alle kandidatane er spurt og har sagt seg villig til å ta vervet.

Framlegg til vedtak frå valnemnda:

Svein Arne Dale

Terje Larsen

Nils Arne Spjeld

Christel Brakstad Bratshaug

Mona Beate Hindenes

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FA - X43, FE - 033	16/1267

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
63/2016	Kommunestyret	PS	15.06.2016

Val av forliksrådsmedlemmer 2017 - 2020

Vedlegg:

Valg av forliksrådsmedlemmer og skjønnsmedlemmer 2017

Epostmelding - Valg av forliksrådsmedlemmer og skjønnsmedlemmer 2017

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Valnemnda har lagt fram framlegg til kandidatar til forliksrådsmedlemmer for perioden 2017-2020.

Kandidatane er spurt og har sagt seg villige til å ta vervet.

Framlegg til kandidatar til forliksrådet har vore lagt ut til offentleg gjennomsyn i resepsjonen på rådhuset og biblioteka i tidsrommet 18.05.16 – 01.06.16.

Frist for å koma med innsigelser har vore sett til 06.06.16.

Framlegg til vedtak frå valnemnda:

Medlem : Ørjan Kristiansen

Varamedlem : Siri Førde Flatøy